



**Saksframlegg**

**Fordeling av kulturmidlar 2026**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg**

**Dokument i saka:**

17 søknadar

Bakgrunnsmateriale – søknad og forslag til tildeling

Vedlegg:

[1 retningslinjer for tildeling av kulturmidlar](#)

**Bakgrunn for saka:**

Kvart år delar Fyresdal kommune ut kulturmidlar til ulike lag og foreiningar i kommunen. Søknadsfristen er 15. mars og det blir annonsert på nettsida til Fyresdal kommune, i kommuneinformasjonen og på kommunens Facebook.

I år er det 18 lag og foreiningar som har søkt. Eit av laga har søkt etter fristen.

Summen som er avsett til kulturmidlar i år er på 442 000 kroner og har vore uforandra sidan 2017. Tidlegare har det blitt gjort vedtak som får konsekvensar for tildelinga, dette er dei utbetalingane som ligg inne som faste tiltak. (sjå tabell)

I år utgjer dei faste tiltaka totalt 250 317 kroner og resten på 191 683 kroner ( 191 500 ) blir fordelt til lag og foreiningar.

Søknadane blir delt inn i desse kategoriane: idrettslag, grendehus og andre lag. Barn og unge vil bli prioritert slik det står i retningslinjene.

Fordeling	2024	2025	2026	% 2026
17. mai komitè	6 500	6 500	6 500	
Vest-Telemark Museum	170 633	175 923	181 317	
Idrettsstipend	15 000	15 000	15 000	
Kulturprisen	10 000	10 000	10 000	
Honorar, diplom +++	5 000	5 000	7 500	
Løypekøyring Veum	30 000	30 000	30 000	
Sum faste tiltak	237 133	242 423	250 317	57 %
<b>Sum fordeling til lag og organisasjonar</b>	<b>204 867</b>	<b>199 577</b>	<b>191 683</b>	<b>43 %</b>
Sum kulturmidlar	442 000	442 000	442 000	100%

## **Vurdering:**

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035, Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod.

### Idrettslag:

I kategorien idrettslag har det kome inn 4 søknadar. Fyresdal Motorsportklubb har ikkje søkt i år og Fyresdal Skiskyttarlag har søkt etter fristen som var 15. mars og blir difor ikkje prioritert i innstillinga.

Det er mange born og unge som er tilknytt idrettslaga, men det er ein tydeleg nedgang i medlemstala dei seiste åra. Idrettslaga har fått om lag 70 % av summen som blir fordelt på lag og foreiningar dei seiste åra. Innstillinga i år blir å løyve 113 500 kroner til idrettslaga, dette er om lag 60 % og noko mindre enn åra før. Sida det er færre lag som søker og medlemstala har gått ned vil det vere naturleg at løyvinga blir litt mindre i denne kategorien.

I tabellen under vises medlemstala frå idrettsregistreringa i Vestfold og Telemark idrettskrets 2024. Fyresdal skyttarlag er tilknytt Det frivillige skyttervesen og deira medlemstal er frå 2026. Økonomien er god og det er stor frivillig innsats i laga.

Oversikt over medlemstal og grunnlag til fordeling i kategorien idrettslag

<b>Navn på lag</b>	<b>Medlemstal 6–19 år</b>
Fyresdal Idrettslag	80
Fyresdal Motorsportklubb	Ikkje søkt
Fyresdal Skiskyttarlag	Søkt etter fristen
Hugljufur Islandshestforening	8
Fyresdal skyttarlag	44
<b>Medlemar til saman</b>	<b>132</b>

### Grendehus:

I kategorien grendehus har det kome inn seks søknadar. Laga har omtrent hatt like høge straumutgifter i 2025 som i 2024.

Aktiviteten i laga varierer, der nokon av grendelaga har samlingar og aktivitetar kvar månad har andre nokon få faste aktivitetar i året. Det er mykje positivitet og frivillig arbeid som blir gjort og alle laga prøvar å så godt dei kan for å få inn pengar i kassa. Tenker det er positivt for innbyggarane at vi har grendelag, så all honnør til dei involverte.

### Andre lag:

I denne kategorien har det kome inn åtte søknadar. Laga med flest unge medlemmer vil bli prioritert slik som retningslinene sei. Fyresdal Jakt- og fiskelag og Fyresdal musikkorps er dei to laga som har unge medlemmer, dei andre laga har i hovudsak vaksne medlemmer.

Generelt så har medlemstala i gått ned dei seiste åra, men det er likevel stor aktivitet i alle desse laga. Dalen fotoklubb søker også kulturmidlar i Tokke kommune, men nokon få av medlemmene er frå Fyresdal. Ut ifrå det som er skrive i søknadane er det stor innsatsvilje og mykje positivitet i laga.

**Konklusjon:**

På bakgrunn av innkomne søknadar, gjer ein fylgjande fordeling av kulturmidlar for 2026:

<b>Idrettslag</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>Søkt 2026</b>	<b>2026</b> Born under 19 år
Fyresdal idrettslag	52 000	60 000	100 000	70 000
Fyresdal motorsportklubb	28 000	-----	ikkje søkt	-----
Fyresdal skiskyttarlag	16 000	25 000	60 000	0
Fyresdal skyttarlag	26 000	30 000	35 000	35 000
Hugljufur Islandshestforening	12 000	17 000	25 000	8 500
<b>Sum idrettslaga</b>	<b>134 000</b>	<b>132 000</b>		<b>113 500</b>

<b>Grendelag</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>Søkt 2026</b>	<b>2026</b>
Hauggrend grendelag	4 000	5 000	5 000	5 000
Heggland grendelag	4 000	5 000	5 000	5 000
Kilegrend grendelag	4 000	5 000	10 000	5 000
Kleivgrend grendelag	4 000	5 000	5 000	5 000
Åsland grendelag	4 000	5 000	5 000	5 000
Veum grendehus (skiskyttarlaget)	4 000	5 000	ikkje spesifisert	0
Vestkanten grendelag	4 000	5 000	5 000	5 000
<b>Sum grendelaga</b>	<b>28 000</b>	<b>35 000</b>		<b>30 000</b>

<b>Andre lag</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>Søkt 2026</b>	<b>2026</b>
Dalen fotoklubb	1 000	2 500	25 000	4 000
Fyresdal musikkorps	7 000	9 000	10 000	9 000
Fyresdal Røde Kors	2 000	3 000	10 000	5 000
Førdsdal bygdekor	2 000	3 000	10 000	5 000
Roan 4H	7 000	ikkje søkt	ikkje søkt	-----
Fyresdal pensjonistlag	2 000	3 000	3 000	5 000
Veum grendelag	4 000	0	6 000	5 000
Fyresdal Jakt- og fiskelag	7 500	9 000	30 000	10 000
Fyresdal bygdekvinnelag	2 000	3 000	10 000	5 000
Bullseye dartklubb	7 500	ikkje søkt	ikkje søkt	-----
Vrådal og Fyresdal målarklubb	1 000	ikkje søkt	ikkje søkt	-----
<b>Sum andre lag</b>	<b>43 000</b>			<b>48 000</b>

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kulturmidlar til lag og organisasjonar for 2026 fordelast slik:

<b>Idrettslag</b>	<b>Søkt 2026</b>	<b>2026 Born under 19 år</b>
Fyresdal idrettslag	100 000	70 000
Fyresdal motorsportklubb	Ikkje søkt	-----
Fyresdal skiskyttarlag	60 000	0
Fyresdal skyttarlag	35 000	35 000
Hugljufur Islandshestforening	25 000	8 500
<b>Sum idrettslaga</b>		<b>113 500</b>

<b>Grendelag</b>	<b>Søkt 2026</b>	<b>2026</b>
Hauggrend grendelag	5 000	5 000
Heggland grendelag	5 000	5 000
Kilegrend grendelag	10 000	5 000
Kleivgrend grendelag	5 000	5 000
Åsland grendelag	5 000	5 000
Veum grendehus (skiskyttarlaget)	Ikkje spesifisert	0
Vestkanten grendelag	5 000	5 000
<b>Sum grendelaga</b>		<b>30 000</b>

<b>Andre lag</b>	<b>Søkt 2026</b>	<b>2026</b>
Dalen fotoklubb	25 000	4 000
Fyresdal musikkorps	10 000	9 000
Fyresdal Røde Kors	10 000	5 000
Førsdal bygdekor	10 000	5 000
Roan 4H	Ikkje søkt	-----
Fyresdal pensjonistlag	3 000	5 000
Veum grendelag	6 000	5 000
Fyresdal Jakt- og fiskelag	30 000	10 000
Fyresdal bygdekvinnelag	10 000	5 000
Bullseye dartklubb	Ikkje søkt	-----
Vrådal og Fyresdal målarklubb	Ikkje søkt	-----
<b>Sum andre lag</b>		<b>48 000</b>

Løyving frå konto 1263 470 kulturmidlar

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Reidunn Sandvik
	sekretær